

---

**Fra:** Haakon Aase <haa-aase@online.no>  
**Sendt:** onsdag 25. april 2018 22.54  
**Til:** 'Kari Mjelde'; Eirik Bouwer Utne  
**Emne:** SV: Førespurnad om dokumentasjon i høve søknad om tilskot til kulturminnevern  
**Vedlegg:** Tilstand og tiltak Husebø.docx; Jordkjellar på Husebø foto.pdf; Husebø jordkjellar kostnadsoverslag.xlsx

Hei!

Eg viser til dei dokumenta eg har utarbeidd i denne saka. Det er 1) skriv som inneheld ei tilstandsvurdering og framlegg til tiltak, 2) ein fotodokumentasjon (PP-presentasjon) og 3) eit kostnadsoverslag. Eg legg alle dokumenta ved her – for å vera sikker.

Når det gjeld kostnadsoverslaget, meiner eg at det i all hovudsak skal stå seg (så langt det er mogleg å kostnadsrekna slike prosjekt), bortsett frå at det kan bli aktuelt med ei viss prisregulering viss gjennomføringa skulle dra ut i tid.

Eg kan elles stadfesta at eg har sagt meg viljug til å stå for den praktiske gjennomføringa av ei restaurering, viss og når prosjektet vert finansiert.

Lykke til i det vidare arbeidet med planlegginga!

Beste helsing  
Haakon Aase

**Fra:** Kari Mjelde <[karmje@gmail.com](mailto:karmje@gmail.com)>  
**Sendt:** 25. april 2018 17:26  
**Til:** [haa-aase@online.no](mailto:haa-aase@online.no)  
**Emne:** Fwd: Førespurnad om dokumentasjon i høve søknad om tilskot til kulturminnevern

----- Forwarded message -----

From: **Eirik Bouwer Utne** <[Eirik.Utne@meland.kommune.no](mailto:Eirik.Utne@meland.kommune.no)>  
Date: 2018-04-23 21:41 GMT+02:00  
Subject: Førespurnad om dokumentasjon i høve søknad om tilskot til kulturminnevern  
To: "[karmje@gmail.com](mailto:karmje@gmail.com)" <[karmje@gmail.com](mailto:karmje@gmail.com)>

Hei!

Viser til innsendt søknad om tilskot til vøling av jordkjellar på Husebø. I rapport for tilskotet du fekk i 2017, samt i søknad for 2018 nemner du at arbeidet skal utførast av Haakon Aase. Det er behov for eit kostnadsoverslag og stadfesting av arbeidet frå Aase.

Ber om at dette vert sendt til underteikna innan 30.4.2018.

Ha ein fin dag, og takk for hjelpa.

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne

Tenestoområdeleiar kultur

Tlf: 56 17 10 59 / 10 00 Mob: 934 13 089

E-post: [eirik.utne@meland.kommune.no](mailto:eirik.utne@meland.kommune.no)



[Sjå brosjyren vår](#)